



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

## Rapport frå tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Hjelmeland kommune 4. og 12. mai 2017

**Tidsrom for tilsynet:** 2017  
**Kommunen si adresse:** Hjelmeland kommune, Vågaveien 116, 4130 Hjelmeland  
**Kontaktperson i kommunen:** Beredskapskoordinator/ass. rådmann Sigve Hia  
**Fylkesmannen sitt tilsynslag:** Revisjonsleiar Reidar Johnsen og revisor Maren Skåden  
**Dato for rapport:** 21. juli 2017

### Samandrag

Tilsynet er gjennomført med heimel i lov 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt § 10.

Målet med tilsynet er å undersøke om Hjelmeland kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Fylkesmannen avdekka 3 avvik i tilsynet med Hjelmeland kommune.

#### Avvik 1

Hjelmeland kommune sin heilskapelege risiko- og sårbarheitsanalyse oppfyller ikkje alle krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

#### Avvik 2

Kommunen oppfyller ikkje alle krava til eit heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

#### Avvik 3

Hjelmeland kommune si beredskapsplan oppfyller ikkje alle krava i sivilbeskyttelsesloven og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

## **Innhald**

Samandrag .....	1
1. Bakgrunn for tilsynet .....	3
2. Rammer for tilsynet .....	3
3. Hovudintrykk .....	3
4. Resultat frå tilsynet .....	4
5. Grunnlagsdokument .....	5
6. Deltakarar i tilsynet .....	7

## 1. Bakgrunn for tilsynet

Tilsynet er gjennomført med heimel i lov 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift av 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt § 10.

Målet med tilsynet er å undersøke om Hjelmeland kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Fylkesmannen ville sjå om kommunen i tråd med krava i lov og forskrift hadde:

- ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)
- eit heilskapleg system for kommunen sitt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid
- ein overordna beredskapsplan
- øvingar og opplæring for tilsette som har ei rolle i kommunen si krisehandtering
- evalueringar av hendingar og øvingar

## 2. Rammer for tilsynet

Tilsynet er gjennomført etter prinsippa for systemretta tilsyn. Skriftleg revisjonsvarsel blei sendt 10. januar 2017, og relevant dokumentasjon vart granska før tilsynet. Den 4. mai var det opningsmøte og intervju med relevante personar i kommunen. Sluttmøtet var 12. mai 2017.

Denne rapporten handlar om avvik og merknader som er avdekka under revisjonen. Avvik er manglande etterleving av krav i sivilbeskyttelseslova og/eller i forskrift til kommunal beredskapsplikt. Merknad er funn det er grunn til å peike på for å sikre betring i oppfølginga av føresegnene i beredskapsplikta.

Me gjer merksam på at Fylkesmannen berre undersøker om kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i tråd med lov og forskrift. Tilsynet gir difor ikkje ei fullstendig vurdering av kommunen sitt arbeid med dette.

## 3. Hovudinstrykk

Fylkesmannen har gjennom tilsynet sett at arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap har fått eit løft dei siste 2 åra. Sjølv om den heilskaplege ROS-analysen var frå 2014 valde kommunen å inngå eit samarbeid med Proactima om å utvikle denne vidare i tråd med ny rettleiar frå Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap. Samtidig med at ROS-analysen vart revidert reviderte kommunen også beredskapsplanen. Kommunen har gjennom denne prosessen fått god forståing for arbeidet med samfunnstryggleik på tvers i organisasjonen og mange har vært involverte. Fylkesmannen finn spesielt å trekke fram øvinga og opplæringsmøta som har vore etter at ROS og beredskapsplanen var ferdig. Det er tydeleg at alle i kriseleiinga no er trygge på sin eigen rolle og kva ansvar kommunen har. For å oppretthalde dette nivået er det viktig at kommunen legg til rette for regelmessige øvingar og opplæring av nyttilsette.

Den heilskaplege ROS-analysen og beredskapsplanen har likevel framleis nokre manglar som kommunen må rette opp.

For å kunne dokumentere eit systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap må kommunen ha ein raud tråd i arbeidet frå heilskapleg ROS til mål, strategiar og prioriteringar i styrande dokument som kommuneplanens samfunnsdel, økonomiplan/tiltaksplan,

årsmeldingar og planar etter plan- og bygningsloven. Det må vidare vere samanheng mellom heilskapleg ROS, overordna beredskapsplan og beredskapsplanane for ulike fagområde som helse- og sosial, smittevern og drikkevassforsyning. Deler av dette er på plass, men kommunen er ikkje i heilt i mål. Den føreståande revidering av samfunnsdelen til kommuneplanen gjer kommunen eit høve til å komme eit skritt vidare. Kriseleiinga bur i hovudsak i kommunen og har stor lokalkunnskap. Det er positivt at kommunen har kjøpt eit system for å varsle innbyggjarane på sms om hendingar som problem med vassforsyninga, evakuering av områder og anna viktig informasjon.

#### **4. Resultat frå tilsynet**

Fylkesmannen avdekka 3 avvik i tilsynet med Hjelmeland kommune.

##### **Avvik 1**

Hjelmeland kommune sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse oppfyller ikkje alle krava i sivilbeskyttelseslova, jamfør forskrift om kommunal beredskapsplikt.

*Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:*

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 1 og 2.

*Utfyllande kommentarar:*

- Kommunen si risiko- og sårbarheitsanalyse er for generell på viktige analyseområde. Dette gjeld særleg kritisk infrastruktur som drikkevatn (A1), straum (F2), IKT/brot i telenett/mobilnett/datanett (F3). Det må kome klarare fram kva kommunen er sårbar for, kor sårbar kommunen er og kva område som mest utsette. Vi meier og at analysen må innehalde dyresjukdommar og vurderingar om endring av samferdslemønster (Ryfast) vil ha innverknad på risikobilete i kommunen. Dette for at analysen skal vere grunnlag for å velje nødvendige tiltak for å redusere sannsynlegheit, sårbarheit og konsekvensar.
- Analysen må i større grad skildra korleis ulike risiko- og sårbarheitsfaktorar kan verka inn på einannan. Det er laga eit eige felt kalla «sårbarheitsvurdering» i skjema i vedlegg 3 , men for mange hendingar står det tomt og der det står blir det for generelt.
- Kommunens si evne til å oppretthalde si verksemd når det blir utsett for ei uønska hending er ikkje dokumentert godt nok.
- Kommunen kan ikkje dokumentere at alle dei relevante eksterne etatane er invitert inn i arbeidet med ROS-analysen. Eksterne har ikkje blitt invitert inn i arbeidet med ROS-analysen. Involvering av eksterne er viktig for å få auke kvatilteten på analysen gjennom faktagrunnlag og sårbarheitsvurderingar.

## **Avvik 2**

Kommunen oppfyller ikkje alle krava til eit heilskapleg og systematisk samfunnstryggeleiks- og beredskapsarbeid.

*Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:*

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 1, 3 og 9.

*Utfyllande kommentarar:*

- Tiltaka frå ROS-analysen er ikkje prioriterte, og det er ikkje dokumentert nokon systematikk når det gjeld kva som blir følgt opp, kven som har ansvar, korleis dette skal gjerast og kva tid dette skal vere ferdig. Fleire av tiltaka er dessutan lite konkrete, noko som og gjer dei vanskelege å følgje opp.
- Kommunen kan ikkje dokumentere at dei systematisk har vurdert om funn i den heilskaplege ROS-analysen bør integrerast i planar og prosessar etter plan og bygningslova. Dette kan skyldast at ROS-analysen er lite konkret på fleire relevante område.

## **Avvik 3**

Hjelmeland kommune si beredskapsplan oppfyller ikkje alle krava i sivilbeskyttelsesloven og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

*Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:*

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 1, 4 og 9.

*Utfyllande kommentarar:*

- Beredskapsplanen manglar ei ressursoversikt som skal innehalde opplysningar om kva ressursar kommunen sjølv har og kva relevante ressursar som er tilgjengelege hos andre aktørar i ei krise. Fylkesmannen fekk ei liste over nokre ressursar kommunen har til rådighet på tilsynsdagen. Denne er eit godt utgangspunkt.
- Planen manglar ei evakueringsplan som skildrar detaljane i organisering, roller og oppgåver og plan for oppretting av eit senter for evakuerte og pårørande. Ein slik plan skal også vere samordna med planane til politiet og potensielle ulykkeseigarar.

## 5. Grunnlagsdokument

Oversikt over dokument som Fylkesmannen har brukt som grunnlag for tilsynet i Hjelmeland:

- Organisasjonskart Hjelmeland kommune
- Sak i kommunestyret før oppstart ROS-analyse med metode og framgangsmåte, vedtatt 17. januar 2014
- Heilskapleg ROS-analyse for Hjelmeland kommune 2016, med 3 vedlegg
- Beredskapsplan for Hjelmeland kommune, med vedlegg E01, E02, E04, E05, E06, E07, E08, E09, E10, E11, E12 og E13
- Sak i kommunestyret om heilskapleg ROS-analyse og beredskapsplan, vedtatt 20. september 2016
- Referat frå oppstatsmøte revisjon beredskapsplan + ROS arbeidsmøte 22. april 2016, arbeidsmøte 2- ifm oppdatering beredskapsplan 19. mai 2016 og arbeidsmøte 3 - gjennomgang av utkast til beredskapsplan 1. juni 2016.
- Samfunnsdelen til Kommuneplan Hjelmeland (2011-2023), vedtatt 16. juni 2011 og 21. september 2011.
- Høyringsutkast til planprogram 2017 – 2029
- Planstrategi – perioden 2016 – 2020, vedtatt 20. september 2016.
- Beredskapsplan for vatnforsyningen i Hjelmeland kommune 2015-2016
- Liste over plassering av tanker for nødvann
- Pandemiplan vedtatt i kommunestyret 17. juni 2009
- Plan for smittevern, vedtatt 5. februar 2003
- Helsemessig og sosial beredskapsplan 2005-2008, vedtatt 12. januar 2005
- Tilsynsrapport frå Mattilsynet etter tilsyn med Hjelmeland vannverk – Hauske vassforsyningssystem, 22. november 2016.
- Evalueringsrapport etter beredskapsøving Hjelmeland kommune 17. november 2016
- Svarskjema til Fylkesmannen - Evaluering av ekstremværet Nina brev datert 27. januar 2015
- Evaluering av ekstremværet Urd 26. desember 2016.
- Evalueringsrapport for Hjelmeland kommune, beredskapsøvelse gjennomført 13. mai 2014
- Innkalling og referat til opplæring/øving i beredskap 29. september og 5. oktober 2016
- Invitasjon til temasamling om kommunal beredskap 28. april 2017

## 6. Deltakarar i tilsynet

I tabellen under er det oversikt over deltakar på opningsmøtet, intervju og sluttmøtet:

Namn	Funksjon /stilling	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Bjørn Laugaland	ordfører	X	X	X
Wictor Juul	rådmann	X	X	X
Sigve Hia	beredskapskoordinator/ ass. rådmann	X	X	X
Haldis K. Nilsen	plan- og forvaltningssjef/ informasjonskoordinator	X	X	
Lin Veronica Jacobsen	varaordfører			X
Oskar Ommundsen	teknisk leiar/driftskoordinator	X		X
Sigrun Kleppa	kommunalsjef oppvekst	X		
Svanhild Hjortland Gbada	arealplanlegger	X		X
Torborg Kleppa	rådgjevar jordbruk			X
Kirsten Hansson	leiar kundesenter	X	X	

Frå Fylkesmannen i Rogaland deltok:

- Reidar Johnsen, revisjonsleiar/fylkesberedskapssjef
- Maren Skåden, revisor/ seniorrådgivar